



75 år gamle frukttre fekk hard medfart av uveret TOR.

Stormen Tor gjorde skade på det freda eiketreet på Bygdetundet Rød. Den sterke vinden braut ned tre greiner i toppen. Den eine greina kilte seg i eit bøketre som står på andre sida av gardsvegen. I verste fall kunne det ført til skade på det gamle våningshuset, i den enden der Lemstova ligg.

Slik det freda eiketreet står med fall mot Rødsbekken, er det fyrste gongen knekte greiner har vore ein fare for bygdetunet.

Gamle frukttre på nedsida av smia er alle rotvelta og liggjevna med jorda.

Det er andre gongen på kort tid at nedbrotne tre har ført til skade på Rød.



Den freda eika manglar nokre greiner etter medfarten!

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Siv Framnes
Nett: Thor Inge Døssland